

## Frosta.

Av Reidar Moksnes.

Det er kanskje få bygdenamn i landet som er så kjend som Frosta, med di det er nemnt alt i vår eldste saga.

Kva sjølve namnet tyder er merkeleg nok ukjend. Sume vitskapsmenn har prøvd å finne ein tydnad med å leida namnet ut av ordet «frost» — kalde —. Men når ein veit korleis bygda ligg til, — ei sørvendt lang og smal halvøy med eit jamt og mildt verlag, då synes denne tydnad noko tvilsam. Andre har meint at namnet er ei avleiing av ordet «fråde», — og det skulle soleis tyde den bygda der sjøen skumar og bryt mot stranda. Denne tydnad synes òg ha lite for seg. Det får soleis berre greie seg med å vita at namnet er sers gamalt, og at det er uløyseleg knytt til — og har gjeve namn til eit av dei største og mest sermerkte lovverk, som gjenom tidene har lagt grunnlaget for vårt demokrati — både sosialt og kristeleg.

Det er då òg rimeleg at det er «Frostating» og tingstaden som er fremst i minnet, for den som framand kjem til bygda.

Tinghaugen ligg ved gardane Logtun og Logstein på ytste delen av bygda, — omtrent like langt frå sjøen (landingsplassen) på begge sider. Hit stemnde så våre forfedre til ting og rådlegging i gamle dagar.

Som mest alle gamle minnestader var òg tingstaden på Frosta i lang tid gløymd og lite akta og vyrdsla om. Visst var det ein gong i ettertida reist ein gamal bauta på tinghaugen, men denne steinen brotna og vart liggande upåakta i mange år. Fyrst i 1914 vart det så reist ein ny stor bautastein «Til minne om gamle Frostating». Som ein raritet kan nemnast, at den gamle steinen vart lagd som fundament under den nye, — kanskje med tanke på at ein ynskte å knyta den gamle og den nye tid saman att.



Tinghaugen

Til det store feståret 1930 vart det reist 12 mindre bautasteinar kring den store, ein for kvart fylke som i gamaltida sokna til Frostatinget. Avdukinga vart halde ved eit stort stemne den 1. august 1930 der m. a. Kongen og Kronprinsen var til stades. Den store steinen fekk då innskrifta: «At lögum skal land vart byggja en eigi at ulögum øyda».

Det er vel å vona at dei 5 ára vi nett levde i lovløyse og ufridom har nya opp i oss den livs- og samfunnsideen som ligg i desse orda, og som var livsnerven i Frostatingslova. Det er òg truleg at interessen for denne sogeminnestaden vil vekse både hjå bygdafolk og utanbygds, so staden kan bli vyrdsla om med større vyrdnad enn nokon sinne.

Som kjend var det på Frostatinget at den kristne trua fyrste gong vart bore fram for nordmenn; men riktig nok vraka og avvist den gongen. Det skal då heller ikkje undra nokon at frostingane reiste si fyrste soknekyrkje like i nærleiken av tingstaden. Den gamle steinkyrkja på Logtun vart reist kring år 1250. — Sume meiner at det alt fyre den tid stod ei trekyrkje på same staden.

Det knyter seg ei gamal segn til reisinga av denne kyrkja. Troll-

gubben i Forbordsfjellet i Skatval likte ikkje å få ei kristen kyrkje i nærleiken og ville knuse byggverket. Han tok nokre bergklumpar utanfor stuggudøra si og slengde over fjorden. Men han var ustø til å «bombe». Den eine steinen — stor som eit lite stabbur — datt ned på Manneshaugen ved Moksnes, og ein annan, som var noko mindre og avlang, kom ned og vart ståande på ende ute i Mostgata (skogen millom Mostad og Evenhus). Om desse steinane, som enno fins, vart det sagt at dei snur seg kvar gong dei høyrer kyrkjeklokkene.

Loktukjerka vart ståande og vart bruka i fleire århundrad. Men ho var heller lita og låg dessutan noko i utkanten av bygda. I 1886 vart det bygd ei større trekyrkje på Presthus.


Ved dette høvet gjorde diverre frostingane liknande vandalverk som så mange andre har gjort. Utan syn for det kulturverde dei gamle ting i gamlekjerka åtte, vart mesteparten rasert, så berre dei snaue steinmurane stod att som skrikande ruinar. Nokre få ting: klokkene, døpefatet og eit par massingstakar vart flytt til den nye kyrkja.

Altartavla og preikestolen vart teke vare på av museet i Trondheim.

I seinare år har vituge folk vekt tanken om å atterreise og vøle på den gamle kyrkja, og dette har fått ålmenn støtte hjå bygda-folket. Kyrkja har atter fått tak, vindauge og golv o.m. Den gamle altartavla og preikestolen er og kome på plass, og kyrkja vert no bruka ved serlege høve sumars tid, — soleis t.d. kvar Olsokhelg. Frostingane er glade i og stolte av si gamle kyrkje.

Andre historiske minner kan ein òg peike på ved ymse gravfunn og helleristingar. Gjennom desse funn kan ein fylgje bygda heilt attende til steinaldertida. Dei største helleristingar er ved garden Evenhus. Desse er tidfest til den yngre steinalderen.

Tautra, som ligg berre eit par km. ut frå nordvestre spissen av Frosta, er òg velkjend frå historia. Her fins gamle murbrokker etter



Tautra sett fra fly

*Tautra kloster.* Dette var eit sistersienserkloster og var grunnlagd i året 1207 av munkar frå Lyse kloster ved Bergen.

Som rimeleg var fekk dette klosteret mykje å segja for Frosta på mange måtar. Ei tid hadde klosteret råderetten over minst 22 gardar på Frosta. Det er òg truleg at det jordbruk og hagestell som munkane dreiv med på sine eigedomar, har sett store merkje etter seg i gardsdrifta på bygda. I visse er det mykje som talar for at dei store gamle kirseberhagane som har vore på fleire gardar på Frosta, skriv seg frå klostertida. Det er òg påvist at mange av dei planteslag som ein finn på Frosta og Tautra, er ført dit av munkane i si tid. Det går mest dagleg dampbåt millom Frosta og Tautra, men det er òg lett vint å koma med ro- eller motorbåt millom Holmberget og Tautra kva tid ein vil. Det er berre ein halv times veg å ro.

Etter ei gamal segn skulle Tautra vera ei «trolløy», som vart funne på ein underleg måte: Ein mann i Småland på Frosta hadde

ei purke som vart så reint diger og feit, utan at mannen skyna korleis det hadde seg, då ho var heller dårleg til å eta den maten ho fekk heime. Vidare vart mannen vár at purka var borte frå fjøset kvar natt. At det var noko trolldom, det var greitt. Så ein kveld lurde mannen seg til å binde ei saks i rumpa på purka. Morgonen etter var ikkje purka i fjøset. Då mannen skulle ut og sjå etter, vart han vár ei underleg fin og grøn øy eit stykke uti fjorden. Han tok båten, rodde burttil og gjekk i land og skulle sjå. Han fann ikkje purka, men i berget på austre enden av øya var det kvitstein i gråberget. Det var teikning av ein gris med ei saks i rumpa. På denne trolløya var det altså at purka hadde vore og ete seg diger og mett kvar natt, — men no hadde stålsaksa brote trolldomen, og Tautra var ein røyndom. Den kvite teikninga skal vera synleg i berget på «Åbåten» den dag i dag.

Like ved Åbåten på Tautra har no Trondhjems Seilforening si hytte og sin faste «residens» for den tradisjonsrike haustfesten — med *Glohanebål* og andre seremonier. Til for nokre år sidan heldt siglarane til på «Øksningen», ein liten snau holme ute ved spissen av Frostalandet. Holmen vart då kalla «Kuba», og seremonimeisteren var sjølvsgagd «Keiseren av Cuba».

Kring Tautra har det alltid vore eit ganske bra fiske, og mykje sjøfugl og kobbe har halde seg kring strendene og gitt høve til fangst og dunsanking. Og Tauterhamna har vore god å ty til for fiskarbåtar og farty. Fjorden millom Tautra og Frosta kallast «Svaet». Der er det svært grunnt, med berre ei lita smal renne, så vidt at fjordbåtane kan flyte gjennom på flo sjø.

For mange år sidan var det tvo småkvalar som «gjekk seg opp» på Tauterleiret. På flo sjø våga dei seg for langt opp, — truleg på jagt etter kobben. Då så sjøen fall, og det vart for lite vatn under skrotten, tok kvalen til å baske for å koma seg vekk. Dermed arbeidde dei opp ei gryte i leiret, som dei ikkje kom seg ut av. Så kom folk med ljåar, økser o.a. handfeng og dengde livet av dei. Den eine av desse kvalane vart hengd under taket i museet i Trondheim og var å sjå der.

Frosta har alltid vore — og er framleis — ei typisk jordbruksbygd. Ho ligg lagleg til millom Trondheimsfjorden på nordsida og

Åsenfjorden i sør. Jordlandet er toleg flatt, og storparten i sørhalvet. i flatemål er bygda omlag 75 km<sup>2</sup> — derav 3 km<sup>2</sup> vatn. Berre på inste luten av bygda fins noko skog, men knapt så mykje at ein kan segja at bygda er sjølvhjelpet med ved og trevirke. Jorda er godt oppdyrka, så det er no ikkje rett store arealer att til nydyrking. Folketalet er noko over 3 tusen. For ei tid tilbake var det adskilleg mange husmannsplassar, men i siste mannsalderen har dei aller fleste husmenn kjøpt sine plassar, og ein kan trygt segja at det no fins mest berre sjøveigarar på Frosta.

Mange kjenner kanskje bygda serleg som «potetbygda» i Trøndelag, men det vert dyrka alle slag jordbruksprodukter, grønnsaker og hagevokstrar, så det er ikkje utan grunn at Frosta er kalla «Trondheims kjøkkenhage».

Til for eit par mannsaldrar sidan vart salgsvarene ført til byen med småbåtar, og mest kvar gard på bygda hadde difor sin «lesta-båt» til det bruk. Å ro eller sigle desse varebåtane til byen var ofte eit stridt — delvis òg fårleg arbeid, og ikkje så få frostingar har sett livet til og funne si våte grav i Strindfjorden. I stille og maksver var det ein slitsam rotur, serleg om båten var full-lasta, og då vanka det jamt ein kraftig dram midtfjords. Det rare var ellest at «medfjorden» ikkje hadde det same landemed når dei fór til byen som når dei fór heim. Praktisk klokskap og gamal røynsle sa dei at siste «halvparten» måtte vera den kortaste, for då var karane mest slitne. No fins det knapt leivningar att av desse båtane meir. Motor- og dampbåtar er komne i staden og fraktar både folk og varer. Frosta Dampskibsselskap fekk sin første båt i 1899, og har sidan teke mesteparten av trafikken. Mykje av varene vert òg send sjøvegen til andre landsluter — beinveges.

Det var fyrr ganske underleg å fara med dampbåten til byen og høyre dei gamle byroarane fortelje om gamle landemed og om «indre Treungen» «Medfjorden» og «ytre Treungen», namn som på langt nær har det same innhald lenger som dei hadde fyrr.

Frosta er temmeleg fatig på vassdrag og naturleg drivkraft, som kunne ha skapt høve til industri. Berre kring Staurselva, som renn frå Hovdalsvatnet, er det nokre mindre anlegg som sag, mylne, snikkarverkstad o.m. Ved Jubergselva, som kjem frå Liavatnet, har

det òg dana seg eit lite sentrum med meieri, bakeri, smie og bilverkstad o.m. Elektrisk mylne er i seinare år bygd på Bolkan ved Loktu.

Det kan knapt segjast at Frosta nokon gong har vore ei turistbygd, — og det er heller aldri gjort noko for å leida ein slik straum til bygda. Men etter at dampskipa tok til å gå millom byen og bygdene rundt fjorden, er det kanskje få bygder som har hatt så stort innrykk av framande. Det er serleg byfolk som har søkt dit for lengere sumaropphald eller kortare helgaturer. Ofte var det også lag og samskipnader som hadde «lysttur» til bygda — med flagg, faner og klingande spel.

Det var triveleg med alle dei mange byfamiljene som budde på bygda om sumrane. Dei vart godt kjende med bygdafolket, og ofte vart dei faste gjester som kom att år etter år, endå om garden gjekk over frå far til son. Dette vitnar om at begge parter likte seg bra. Etter at samferdsla til lands vart betre enn til sjøs, tok kanskje denne straumen av sumargjester andre vegar. Men enno er det gjerne stor trengsel på frostabåtane sumars dag, — serleg laurdagane når «pappabåten» kjem.

Frosta har sers gode tilhøve for sjøbad. Trondheimsfjorden skyl mot sandstranda havfrisk, rein og blå. Gode bade plassar er m.a. Haugsanden, Mostad, Manneset, Småland og ellest heile stranda rundt. Det har fleire gonger vore planar om å bygge badehotell og slikt som høyrer til. Sjølv svenske feriefolk har vore interessert i desse planar. Det er berre det «aber» at sesongen må segjast å vera heller stutt, til at eit slikt tiltak skal kunne løna seg.

Alle er merksame på at det burde ha vore betre høve for ferdefolk til å få bu og få stell for kortare tid. I dei siste åra har det vore slikt høve (pensjonat) hjå Svendsen (Mostad), Johansen (Vikaleiret) og Einarsen på Berg, men desse kan på langt nær taka imot alle som søker — sumars tid.

Landverts har Frosta tidlegare vore meir avstengd frå ferdsla. Den gamle vegen til Åsen var både bratt og tungvint, og det var mest uråd å køyre med lass. Men kring 1920 var det stelt ny veg

— riksveg — millom Frosta og Åsen. Denne vegen er lange stykkjer hogge inn i fjellet langs fjorden. Den er flat og fin og gir høve til utsyn over skiftande og sers vakker natur. Den kan godt reknast for litt av ein turistatraksjon, og difor òg sterkt trafikert av bilreisande på helge- og sumarutflukter. Fast bilbussrute til Åsen stasjon knyter bygda til Nordlandsbanen. Heller ikkje liten lastebiltrafikk går òg denne vegen no.

Turistar som søker ylle fjell med brusande elver og isfylde botnar, vil sjølvsgt finne Frosta å vera for «tam». Hit fer ein for å sjå ei sogerik bondebygd med travle og ihuga folk, som steller si jord og sin hage, alar sin buskap og vyrdsjar sitt yrke. Her er fritt utsyn over flate engjer og velstelte heimar, — her er friske sjøbad, og her finn ein kvile og fred og helsebot for slitne nerver.

Trongen til rolege turar i mark og skog og vakker natur er det òg høve til å stetta.

Frå øvre Hellan er det bra skogsti opp til *Hellåsen* — ein gamal nedlagd husmannsplass 248 m over havet. Herifrå er det fin utsikt over bygda, Tautra, fjorden og bygdene kring Trondheim. Turen er ein makeleg sundags-fyremiddagstur. — Frå Hellåsen kan ein òg take skogstier i aust og nord til gardane Hojem og Hokstad og koma langs Liavatnet fram til midtbygda.

Noko lenger og meir strabasios er ein tur til *Storheia* på grensa mot Ekne. Då tar ein helst opp frå garden Åtlo og går framom Fjellplassen og fleire små vakre skogtjønn, omlag 2 timar delvis bratt fjellveg. Frå toppen av Storheia — 368 m høgt — er storfelt utsyn over Inntrøndelagsbygdene.

Frå Storheia kan ein lett vint koma vidare til Ekne og Skogn.

Ein makelegare veg til Ekne finn ein gjenom låglendet frå garden Sundalen, framom den nedlagde sprengto-fabrikken og fram til Byavatnet i Ekne.

*Reidar Moksnes.*